



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Notat 1-2012

Kulturlandskapet

**Arlen Bidne Sogn og Fjordane fylkeskommune og Truls Folkestad
Fylkesmannen Sogn og Fjordane**

Det storslåtte fjordlandskapet

Då Ornes stavkyrkje i 1979 vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste, vart det gjort ei vurdering av neset og det storslåtte fjordlandskapet i innskrivinga. Sjølv om UNESCO på den tida var meir oppteken av enkelt objektet enn av den store samanhengen som eit kulturminne stod i, syner vurderinga av landskapet at dette var i endring.

Etter kvart har det blir større merksemd på samanhengen som verdsarvminna er ein del av og dette har fått ein naturleg plass som del av opplevinga. I dette perspektivet er både neset og det store fjordlandskapet rundt stavkyrkja viktige element. Omgjevnadane er dei som besøker stavkyrkja. Opplevinga byrjar lenge før ein kjem opp i tunet på Øvre Ornes og får visuell kontakt med kyrkja. Sjølve turen enten med ferja frå Solvorn eller langs vegen frå Skjolden er ein viktig del av denne opplevinga. Frå avstand kan landskapet på Ornes sjå einsarta ut, mangfaldet kjem først fram når ein kjem inn i landskapet. Då ser ein at landskapet er eit levande og aktivt lokalsamfunn der landbruket er den viktigaste næringa. Landbruksdrifta består i dag i hovudsak av produksjon av frukt og bær, grasproduksjon og husdyrhald.



Figur 1. Ornes 2011, biletet syner det opne landskapet i dei områda der det framleis er jordbruksdrift og attgroinga i randsonane som er ute av drift. Foto: A. Bidne/SFF

Stavkyrkja og dei mange forhistoriske funna i området, syner at Ornes har ei lang historie som busett område, sjå Fagrapport 1-2009, kap 4.3.

1.1 Dagens kulturlandskap

Endringar frå 1865 til 2002 er godt omtalt i fagrapport 1-2009, s. 27-29. Reduksjonen i åkerareal er ein av dei mest markante endringane frå 1865 til i dag. Dei åkerareala som er i bruk i dag er i hovudsak nytta som kulturreng, frukthagar og bringebærfelt. Dette er viktige produkt for

gardbrukarane på Ornes i dag. Ser me på området under eitt er det dei ytre delane av innmarka, lengst vekk frå tuna, som i dag er ute av drift. I dei områda som ikkje er i bruk er kulturlandskapet i større grad prega av attgroing.

På Ornes er framleis engarealet dominerande, og utgjør ca. 36 % av totalarealet. Dagens situasjon med mykje randsoner og areal ute av drift, har ført til at landskapet har endra karakter frå det opne jordbrukslandskapet i 1865 til dagens landskap der store delar er truga av attgroing. Denne endringa har auka på sidan ca. 1960. Samanliknar ein flyfoto av området frå rundt 1960, 1980 til i dag, ser ein tydeleg at landskapet gradvis er meir prega av attgroing.

1.1.1 Verdifulle kulturlandskap i fylket

1993 vart området Feigum-Ornes vurdert av høgskulen i Sogn og Fjordane som eitt av 50 verdifulle kulturlandskap i fylket. Ornes inngår i dette landskapet særleg på grunn av stavkyrkja og ein bjørkehage på sørvestsida som er ein representativ kulturmarkstype for lauvingstradisjonen. I 2007



Figur 2. Kart som syner bjørkehagen på Ornes, også kalla Kirsebærberga, markert med grøn skravar

vart området Feigum-Ornes også vurdert av Luster kommune som eit kjerneområde for kulturlandskap med stor verdi. I tillegg vart Ornes vurdert som eit kjerneområde for jordbruk og matproduksjon. Luster kommune har lagt opp til at statusen som kjerneområde vert brukt som temakart for landbruk i den kommunale forvaltninga.

2 Tekniske strukturar i landskapet

Menneske har alltid forma landskapet etter sine behov og ut frå kva ressursar dei har hatt tilgjengelege. Landskapet på Ornes har ei lang historie som jordbruksland noko som ein i dag framleis finn mange spor av. På utskiftingskartet frå 1865 er det mellom anna kartfesta 330 steingardar, bakkemurar og steinrøyser. I 2002 var det att 58 av desse strukturane og det var kome til 63 nye strukturar. Fleire av dei nye strukturane er steingardar som er mura opp i dei nye grensene som kom

etter utskiftinga. I tillegg kom det sannsynlegvis til ein del som eit resultat av nydyrkinga på 1930-talet, då grunneigarane fekk økonomisk støtte av staten til oppdyrking av marginale areal.

I tillegg til steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser finn ein fleire stadar åkerreiner som også var markert på utskiftingskartet. Fleire av dei attverande åkerreinene har vore undersøkt arkeologisk og nytta som grunnlaget for datering av jordbruket på Ornes.

2.1 Den framtidige ivaretakinga av kulturlandskapet

Kulturlandskapet på Ornes har mange element frå det eldre tradisjonelle småskala jordbrukslandskapet, og kulturminne knytt til dette. Dette gir området ei lang tidsdjupne som bidrar til forståing av stavkyrkja, plasseringa av den og dei levekåra ein har hatt på Ornes frå forhistorisk tid og fram til i dag. I tillegg gjev dei ei estetisk ramme rundt verdsarvminnet som det er viktig å ta vare på for framtida.

Eit landskap endrar seg alltid over tid, ulike driftsformer eller avslutta drift, har forma og vil fortsetje å forme landskapet på Ornes. Der det svært opne landskapet frå siste halvdel av 1800-talet i dag er erstatta av eit landskap med mykje høgare innhald av trær og kratt. Den intensive og varierte utnyttinga av landskapet på 1800-talet har i dag blitt endra, slik at dei områda med høgast bonitet framleis er i drift medan dei meir tungdrivne areala er ute av bruk. Bjørkehagen som tidlegare gav nødvendig fôr til dyra er i dag ute av bruk, manglande styving av trea vil over tid føre til at området endrar karakter og kan gå tapt. Dette kan hindrast ved å fortsette å styve trea sjølv om ein ikkje har behov for fôret på same måte som tidlegare.

Det tekniske strukturane i landskapet som bakkemurar, steingardar og steinrøyser er viktige å bevare for framtida. Dei fortel om den tidlegare drifta av området og er med på å gje området ein spesiell karakter. Tap av desse kulturminna vil føre til ein reduksjon av området sin kulturminneverdi. Ved å ta vare på dei og synleggjere dei vil dei gje området ein større opplevingsverdi, estetisk verdi og ei betre forståing for korleis ein livnærte seg på Ornes i tidlegare tider.

Dersom ein skal klare oppretthalde dagens kulturlandskap over eit så stort område som på Ornes, er det avgjerande at det aktive jordbruket kan forsetje. Det er eit ønskje om å opne landskapet meir opp, slik at både stavkyrkja, gravhaugane og Høgesteinen igjen vert meir synlege. For å kunne oppnå dette er det behov for utvida landbruksdrift.

Fagrapport for områdeforvaltninga på Ornes i Luster kommune, har trekt fram ulike moment som kan påverke kulturlandskapet. Fagrapporten har delt området inn i fleire delområder som har fått kvar si analyse, der ein har sett på både sårbarheit og utviklingspotensial. Ser ein på området under eit, er det særleg sårbart for endringar/reduksjon av jordbruket, attgroing og ytterlegare nedgang i folketal. Samstundes har området også eit stort potensiale både for utviklinga i jordbruket og for ny næringsaktivitet i form av handverk eller reiseliv.

For meir detaljert informasjon om kulturlandskapet, den historiske jordbruksutviklinga og utviklingspotensial på Ornes syner vi til Fagrapport 1-2009¹.

¹ Aurland naturverkstad 2009 *Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune*